

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2,
6893 Leikanger

Deres ref: Nina Vadøy

Vår ref: Athina Alisøy Karipi

Dato:18.05.22

Søknad om løyve til kompostering av hageavfall

Sunnfjord Miljøverk ønsker å kompostere hageavfall ved hovudanlegget på Einestølen.

Hageavfallet som skal komposterast kjem frå både privat og næringskundar. Kvist, lau, gras, trer er råvarar som inngår i hageavfallet.

Ved mottakskontroll vært fremmedlegeme som plast, papir og anna type avfall sortert ut. Svartelistalistearta blir handtert som eigen fraksjon. Mottakskontroll og handtering er beskriver i vårt internkontrollsystem.

Metode for kompostering følger desse trinna:

- Lagring av ukvernahageavfall.
- Kverning av hageavfall.
- Kompostering og vending av rankar.
- Lagring av stabilisert produkt.

All handtering av kompost blir gjort på asfaltert dekke med avrenning til sigevasssystemet. Komposteringa vil bli utført utandørs og utan takoverbygg.

Det er ikkje forventa utfordringar med lukt, då det kunn er hageavfall som blir kompostert. I periodar med lite nedbør, kan komposten støve. For å få ein god nedbrytingsprosess, må det være eit visst innhald av vatn i komposten. I tørre periodar, vil ein difor vatne komposten etter behov. Vending av rankar vil også føre til mindre støving, sidan dette vil gi eit meir homogent fuktinnhald.

Komposteringsprosessen vil bli utført i normal arbeidstid, med maskiner som blir nytta til anna type avfall i dag. Prosessen vil difor ikkje bringe meir støy ein dagens arbeid. Komposten vil kunne gi avrenning under komposteringsperioden.

Rammar

Beskriving	Årligmengde	Enhet
Mottak av hageavfall	1000	Tonn
Mellomlagring av hageavfall	2000*	Tonn
Maks mengde på lager	10 000**	Tonn
Ferdig kompost lagring	5000***	Tonn

*Mellomlagring pr.år

**Årligmengde totalt

**Godkjent kompost til sluttlagring pr.år

Mvh

Athina A. Karipi